



Årsmøte

27. mars 2025

Sakliste og saksdokument for årsmøte i Skjåk IL, 2025

Styret viser til innkalling til årsmøte av 7.feb 2025

Årsmøtet er den 27.mars kl. 19.00 på Skjåk Turistheim.

Under følgjer saksliste for årsmøtet:

Sak 1: Godkjenne dei stemmeberettiga medlemane	
Sak 2: Velge dirigent	
Sak 3: Velge protokollførar	
Sak 4: Velge to medlemmar til å underskrive protokollen	
Sak 5: Godkjenne forretningsorden	side 3
Sak 6: Godkjenne innkallinga	
Sak 7: Godkjenne saklista	
Sak 8: Behandle idrettslaget si årsberetning og gruppeårsmeldingar	side 4
Sak 9: Behandle	
Sak 9.1 Idrettslaget sitt rekneskap	side 36
Sak 9.2 Behandle kontrollutvalget si beretning	side 39
Sak 10: Behandle forslag og saker	side 40
Sak 11: Fastsette medlemskontingent og treningsavgift, eller gje fullmakt til å fastsette treningsavgifter	side 40
Sak 12: Vedta idrettslaget sitt budsjett for 2025	side 41
Sak 13: Behandle idrettslaget sin organisasjonsplan	side 43
Sak 14: Foreta fylgjande valg	side 44
14.1 Hovedstyre	side 46
14.2 Kontrollutvalg	side 46
14.3 Representantar til ting og møter i dei organisasjonsledd idrettslaget har representasjonsrett eller gje styret fullmakt til å oppnevne representantane ..	side 46
14.4 Valgkomité	side 46
14.5 Øvrige valg i henhold til idrettslaget sin organisasjonsplan	side 46

Vedlagt følgjer fylgjande dokument:

- Styret sitt forslag til forretningsorden
- Idrettslaget si årsberetning, herunder gruppeårsmeldingar
- Rekneskap i revidert stand
- Kontrollutvalget si beretning
- Styret si økonomiske beretning
- Forslag og saker, herunder eventuelle lovendringar
- Styret sitt forslag til medlemskontingent, og eventuelt treningsavgifter eller vedtak om fullmakt
- Styret sitt forslag til budsjett
- Styret sitt forslag til organisasjonsplan
- Valgkomiteen si innstilling
- Styret si innstilling til ny valgkomité

Ved spørsmål om årsmøtet, kan Gregor Ingar Gjerdet kontaktas på tlf 91109010

Med helsing frå

Styret, Skjåk IL

Sak 5: Forretningsorden for gjennomføring av Årsmøte i Skjåk IL

1. Gjennomføring av årsmøtet

1.1 Årsmøtet blir leda av den valgte dirigenten, og skal gjennomførast i samsvar med NIFs lov og denne forretningsordenen.

1.2 Alle som ynskjer ordet på årsmøtet, må melde seg til talelista og kan berre tale til årsmøtet når dirigenten har gjeve vedkommande ordet.

2. Taletid

2.1 Medlem/årsmøtevalgt organ med forslag på saklista, blir gjeve nødvendig taletid for å presentere forslaget.

2.2 For etterfylgjande innlegg, er taletida tre minutter for første innlegg, to minutter for andre innlegg og eitt minutt for tredje innlegg. Ingen får rett til ordet meir enn tre gonger i samme sak.

2.3 Etter forslag frå dirigenten eller eit medlem/årsmøtevalgt organ, kan årsmøtet beslutte å:

- sette strek for dei inntegna talarane
- sette strek for nye forslag
- auke antal innlegg
- endre taletida
- gje taletid til personar utan talerett

2.4 Person med talerett som ber om ordet til forretningsordenen har eitt minutt taletid.

3. Behandling av forslag på årsmøtet

3.1 Person som vil fremme eventuelle forslag/endringsforslag under årsmøtet må gje forslaget skriftleg til dirigenten og være signert av medlemmet.

3.2 Forslag kan berre fremjast i saker som står på saklista.

3.3 Etter at saklista er godkjent, kan ikkje forslag som framgår av saklista trekkast utan at årsmøtet aksepterer dette.

4. Stemmegjeving

4.1 Stemmegjeving gjennomførast i samsvar med dirigenten si angiving. Dirigenten skal klart si kva for ei sak det skal stemmest over.

4.2 Dersom det krevjast eller er nødvendig med skriftleg avstemming, skal avstemming skje ved å nytte skriftleg skjema.

5. Protokoll

5.1 Det først protokoll over årsmøtet sine forhandlingar. Protokollen først av den årsmøtet har vald til å føre protokoll.

5.2 I protokollen innførast kven som har hatt ordet i sakane, kva for nokre forslag som er fremma, kven som er forslagsstillar, kva for nokre vedtak som er fatta i den enkelte sak, og resultatet av avstemmingar med antal stemmer for og imot og ev. blanke stemmer.5.3 Protokollen skal publiserast på idrettslaget si heimeside så snart den er godkjent.

Sak 8

Årsmelding for hovudstyret, Skjåk IL 2024



Hovudstyret har etter årsmøtet i mars 2024 bestått av følgjande personar:

Gregor Ingar Gjerdet, leiar
Kathrine Brandsar, nestleiar
Merete Dagsgard, sekretær
Kjell Erik Galde, styremedlem
Anna Omenås Gubhage, styremedlem
Stine Leirmo, varamedlem
Øyvind Teigen, varamedlem

Gruppeleiarar har etter årsmøtet i mars 2024 vore:

Håndball: Lisbeth Risheim
Turn: Anne Mette Gjelbakken
Svømming: Ragnhild Hesla Breie
Fotball: Robert Kvålshagen
Fjellgeita: Simen Toven
Padling og Kampsport: Stian Bøhle
Frildrett: Tor Taraldsrød
Ski og Skiskyting: Håvard Gartland
Barnetrimmen: Stine Leirmo
Badminton: Mart Broeren
Dametrimmen: Liv Hege Rønningen
Spinning: Grethe Sperstad
Innebandy: Ola Rikheim (Tor-Arne Bakken etter nyttår 2025)
Vaksenfotball: Arnt Aurmo (Jim Berg Åboen etter nyttår 2025)

Styret har dette året gjennomført 8 møter.

Styret har blant anna arbeidd med desse sakene i året som har gått:

- Bistand til undergruppene
- Søknadar, økonomisk støtte
- Meir aktivitet på sosiale media – være synlege
- Rydda i medlemsregisteret
- Laga infoFlyer og totaldistribuert i kommunen
- Jobba med sponsorar
- Dugnad: Bambusa og Nordkak
- Fått opna utlånsbua BUA Skjåk
- Jobba for å bygge Pumpptrack på Dønfoss
- Arrangert HLR- og fyrstehjelpskurs for styre og trenarar
- Arrangert Flækøyhøe Upp
- Arrangert Idrettsveke i veke 26 og veke 33
- Arrangert kveld for dei frivillige på Dønfoss

Medlemstal

2010	444
2011	533
2012	481
2013	522
2014	616
2015	610
2016	597
2017	523

2018	506
2019	628
2020	524
2021	546
2022	610
2023	641
2024	635*

*Det har vorte rydda i medlemsregisteret og 120 personar er meldt ut sidan dei ikkje har betalt medlemsskapet sitt dei siste to åra.

Økonomi, miljø m.m

Styret meiner at rekneskapen gjev eit rett bilet på utviklinga og stillinga til Skjåk Idrettslag pr. 31.12.2024 og syner til offisielt rekneskap med noter. Det var budsjettert med underskot på kr 147.800,- Rekneskapen syner eit samla underskot på kr 168.697,- som styret foreslår blir dekt av eigenkapitalen. Etter dette har Skjåk Idrettslag ein eigenkapital på kr 2.423.052,- Styret er merksame på at det er eit underskot i 2024. Årsakene til dette er både stor aktivitet i gruppene og satsing på utlånsbua. I tillegg vart stillinga til dagleg leiar auka frå 70% til 100%. Styret meiner det har vore rett å bruke ekstra midlar på drift av gruppene og auka stilling til dagleg leiar, dette viser berre at det er mykje aktivitet.

Styret meiner at vilkåra for framleis drift er til stades og budsjett for 2025 er sett opp under denne føresetnaden.

Det har imidlertid vore tre år med underskot nå, det er viktig at det ikkje fortset slik i åra framover.

Aktivitet i laget

Aktivitetane i Skjåk Idrettslag skjer i gruppene og vi viser til deira årsmeldingar. Hovudoppdraget til styret i hovudlaget er å legge til rette for at ressursane, både i kroner og av friviljuge, blir nytta til å skape aktivitetar. Skjåk idrettslag har eit godt og variert idrettstilbod.

Styret vil rette ein stor takk til alle som har lagt ned ein stor innsats for idrettslaget!

Skjåk, 6.mars 2025

I styret for Skjåk Idrettslag:

Gregor Ingar Gjerdet

Gregor Ingar Gjerdet
- Leiar -

Kathrine Brandsar

Kathrine Brandsar
- Nestleiar -

Merete Dagsgård

Merete Dagsgård
- Sekretær -

Kjell Erik Galde

Kjell Erik Galde
- Styremedlem -

Anna Omenås Gubhage

Anna Omenås Gubhage
- Styremedlem -

Elin Stasviken Sperstad

Elin Stasviken Sperstad
- Dagleg leiar -

Handlingsplan for hovudstyret, Skjåk IL 2025

Skjåk idrettslag består av eit hovudstyre som organiserer drifta av følgjande undergrupper:

- Håndball
- Turn
- Fotball
- Svømming
- Friidrett
- Kampsport (Karate og MMA)
- Fjellgeita
- Ski/skiskyting
- Barnetrimmen
- Dametrimmen
- Innebandy
- Vaksenfotball
- Spinning
- Badminton
- Padling
- Bryting (ny av året)

I tillegg har vi eit samarbeid med Skjåk Turløyper og Skjåk Hestlag.

Undergruppene tilbyr mange aktivitetar for store og små i både Lom og Skjåk. Gruppene utarbeider sjølv eigne handlingsplanar, og fylgjer vanleg oppsett for aktivitetar gjennom året.

Idrettslaget kjem i 2025 til å arrangere:

- Grotlidag i skiheisen 15.mars (saman med DNT Gudbrandsdalen)
- Åsen Rundt 30.mars
- Påskesprinten 17.april
- Skjåkturnering i mai (fotball)
- NM Gymnastikkhjul 24-25.mai
- Tinestafetten 5.juni
- Skjåkleikane 5.juni (friidrett), pluss Lerøysamling i regi av friidrettskretsen 5. – 6.juni
- Flækøyhøe Upp 21.juni
- Idrettsveke veke 26
- Foredrag Psykolog med sovepose 6.sept (saman med DNT Gudbrandsdalen)

Hovudstyret og dagleg leiar vil i 2025 jobbe med:

- Ha eit godt samarbeid med alle undergruppene og oppretthalde aktivitetene
- Ha ei velfungerande organisering av alle undergruppene.
- Jobbe for at Skjåk IL er eit attraktivt lag å væra medlem i
- Genser til alle frivillige
- Sponsorarbeid
- Halde heimesida skjakil.no oppdatert
- Være aktiv på facebook og instagram
- Halde idrettslaget godt synleg i bygda
- Lage nytt infohefte (flyer) for totaldistribusjon hausten 2025
- Drifte utlånsbua BUA Skjåk
- Søke etter økonomisk støtte til aktivitetar, utstyr og utlånsbua
- Fortsetje arbeidet for Pumptrack på Dønfoss
- Gjenoppta arbeidet med Fleirbrukshall i Botn
- Få til ei ny avtale vedr drift og vedlikehold av eksisterande klubbhus i Botn, Framrustvegen 117, saman med NMK Skjåk
- Få til ei ny ordning rundt trakkemaskina

Handlingsplanen kan korrigeras gjennom styremøter i hovudstyret.

Skjåk 6.mars 2025

For styret:



Gregor Ingar Gjerdet

- Leiar -

Årsmelding 2024 for Fotballgruppa i Skjåk IL



Styrearbeid

Etter årsmøtet 17. februar 2024 har styret i fotballgruppa bestått av følgende medlemmer:

- **Leiar:** Robert Kvålshagen (på valg 2025)
- **Nestleiar og sportsleg leiar:** Sissel Frisvold
- **Kasserar:** Håkon Lykre (på valg 2025)
- **Kioskansvarleg, materialforvaltar og sekretær:** Elin Bustad
- **Dommeransvarleg og baneansvarleg:** Roy Olav Lund

Fotballgruppa har hatt ei eiga valnemnd, men inngår også i den sentrale valnemnda for idrettslaget.

Styret har avholdt tre møter i tillegg til årsmøtet. Følgende saker har vore sentrale i årets arbeid:

- Planlegging og gjennomføring av fotballsesongen.
- Rekruttering av trenarar og oppmenn til dei ulike laga.
- Fastsettjing av treningstider i hallen, samt tilrettelegging for innetrening etter nyttår.
- Tildeling av økonomiske bidrag til dommarar.
- Organisering av dugnadsarbeid, inkludert søppelplukking langs vassdrag og raking på tomta til Skjåk Energi.
- Drift av kiosk på alle heimekamper.
- Sal av sokkar frå Bambusa
- Sesongavslutning med servering av is, kaffi og drikke til spelarane.
- Evalueringsmøte med trenarar og oppmenn for sesongen 2024, samt planlegging av 2025-sesongen.

Laga i sesongen 2024

Skjåk Idrettslag stilte med lag i følgende årsklasser:

- **GJ7:** Marte Løkken og Maika Heggebotn, Lars Inge Hermansen
- **GJ8:** Oddbjørn Sperstad, Trond Brandsar, Per arne Synstnes
- **GJ9:** Stian Aaboen
- **GJ10:** Arnstein Sperstad og Ove Lilleengen, Marit Haugen
- **G11:** Nils Håvard Heggebotn og Gro Holø
- **J11:** Åste Einbu, Jon Roger Risheim

Spelarstallen bestod av om lag 67 aktive utøvarar i 2024.

Baneforhold

Det er rapportert om dårlig kvalitet på netta i fotballmåla, noko som er meldt vidare til vaktmeistertenesta. Grasmatta på øvrebane var i dårlig forfatning, noko som resulterte i at bana var stengd heile haustsesongen og delar av vårsesongen. Dette skapte enkelte logistikkutfordringar i

samband med treningar og kampar. Likevel ynskjer fotballgruppa å rette ein stor takk til vaktmeisterane for innsatsen deira!

Dommarar

Fotballgruppa nyttar så langt det let seg gjere ungdommar som dommarar. Dette fungerer stort sett godt, men ved arrangement med fleire parallelle kampar har det vore utfordrande å stille med nok dommarar.

Treningskontingent

- **Barnefotball (5-10 år):** Gratis
- **Barnefotball (11-12 år):** 300 kr
- **Ungdomsfotball (13-16 år):** 500 kr

Alle spelarar frå 11 år (dei som deltek i ordinær seriespel) betaler kontingen.

Drakter og utstyr

Det er gjennomført omfattande innkjøp av drakter og utstyr, tilpassa dagens sponsorar.

Vårturnering Vårturneringa vart arrangert 4. mai under strålende vårvær. Arrangementet vart ein stor suksess! Det var om lag 175 ungar som deltok frå Skjåk, Lom, Vågå, Otta og Heidal. Nytt for året var at Otta vart inviterte!

Tine Fotballskule

Ein av dei faste aktivitetane for barnefotballen i Lom og Skjåk er Tine Fotballskule. Tilbodet er for barn i alderen 6-12 år. Fotballgruppene i Lom og Skjåk arrangerer dette annakvart år, og i 2024 var det Skjåk IL sin tur.

Fotballskulen fann stad 12. og 13. august, med om lag 130 deltakarar. Ungdommar og vaksne trenarar stod for det sportslege opplegget, medan ei rekke frivillige bidrog med køkkenvakter og anna praktisk arbeid. Ein stor takk til alle som stilte opp!

Økonomi

Regnskapet for 2024 viser eit førebels resultat på -91 983,50 kroner, før overføringer frå hovudlageret.

Styret i fotballgruppa ynskjer å rette ein stor takk til alle som har bidratt med tid og innsats for fotballgruppa gjennom året!

Skjåk, 17. februar 2025

For fotballgruppa i Skjåk,
Robert Kvålshagen

Handlingsplan fotballgruppa 2025

Januar	Oppstart innetrenings
Februar	Årleg møte fotballgruppa
Mars	Årsmøte Idrettslaget
April	Oppstart med trening ute Spelarar får informasjonsskriv
Mai	Skjåkturnering Oppstart Ottadalsserien og seriespel i kretsen.
Juni	
Juli	
August	
September	Sesongslutt, avslutning for spelarar.
Oktober	
November	Evalueringsmøte med styret, trenrarar og oppmenn.
Desember	

Budsjett fotball

	Budsjett 2025	Budsjett 2024	2023
Inntekter			
Kiosksal	60 000	40 000	35 000
Salg, dugnad, bambusa	20 000		
Treningskontingent	0		
Startkontingent	0	60 000	0
Reklame og sponsorinntekt	7 000	7 000	7 000
Diverse inntekter	5 000	20000	
Tilskot frå hovudlaget	100 000	100 000	139 000
Renteinntekter	0		
Sum inntekter	192 000	227 000	181 000
Kostnader			
Varekostnad	30 000	25 000	30 000
Avskrivinger	0	17 000	17 000
Leie transport	0		
Inventar og utstyr	12 000	10 000	55 000
Rekvisita og driftsmaterialer	2 000	2 000	2 000
Treningsklede	7 000	15 000	15 000
Premiar	12 000	10 000	17 000
Dommerkostnader	24 000	45 000	15 000
Trenerkostnader	0		1 000
Kontorrekvisita			
Møte, kurs m.m.	5 000	5 000	5 000
Provisjonskostnad	0		
Annonser	0		
Kontingenter	4 000	10 000	5 000
Startkontingenter	30 000	2 000	2 000
Gaver, blomster m.m.	0	500	500
Kostnader turneringer	50 000	50 000	0
Kurs og utdanning	0	2000	2000
Tilstelningar, avslutningar	12 000	12 000	14 000
Bank- og kortgebyr	4 000	1000	500
Sum kostnader	192 000	206 500	181 000
RESULTAT (- = underskot)	0	20 500	0

Årsmelding Handballgruppa i Skjåk IL 2024

Styret i Handballgruppa i Skjåk IL har i 2024 bestått av følgande personar:

Kjersti Welve	Styremedlem / sekretær
Paula Gjerdet	Styremedlem
Nina Kvalheim Kveum	Styremedlem / ansvar kiosk
Siv Andersbaken	Styremedlem / ansvar materialforvaltar
Marita Åboen	Styremedlem / ansvar Økonomi
Lisbeth Risheim	Styremedlem / ansvar leiar
Liv Hjeltar	Styremedlem / ansvar lag og trenar

Styret i handballgruppa har hatt 6 møter i . På to av møta var alle trenarane også innkalla. Dette for så sikre dialog med laga gjennom året: På vårens siste styremøte var trenarane med og vi hadde ei lita avslutning til jul for styret og trenarane med kake på Allmenningje. Der evaluerte vi sesongen så langt.

Viktige arbeidsoppgåver for styret har vore påmelding til serie og turneringer, vaktlister for kamphelger i Skjåkhallen, innkjøp og vedlikehald av utstyr, kalenderarbeid og dommerutvikling. I tillegg har vi i år fulgt særleg opp J/G8 sidan dei har vore ei nye. Desse vart frittatt for treningskontigent i året som har vore.

Vi må sjølv ordne dommarar opp til og med J/G13. Krav til å dømme J/G13 er kurset dommer1. Trine Sanden, Nina Kvalheim Kveum, Lisbeth Risheim, Sara Bosmen, Helene Rustad og Ola Soglo har dette. I tillegg har Idun Byre, Tonje Marita Bårdsgård og Thormod Sjøvold tatt barnekampledeler kurset.

Sesong	Sesongen 2024/2025	Sesongen 2017/2018	Sesongen 2018/2019	Sesongen 2019/2020	Sesongen 2020/2021	Sesongen 2021/2022	Sesongen 2022/2023
Lag	SR, J13, J11, G10, G8 5 Lag	K4, J16, J14, J11x2, J10, J09, J8 og G8. 9 lag	J9, G10, J10, J11, J12 og K5.	2xJ8, J11, G10, J12, J14 og sr.	J9, G10, J10, J12, J14 og sr. 6 lag	J9, J10, G12, J14, sr. 5 lag	J8, G8, J10, J11*2, J14, G14, Sr. 7 lag
Antal spelarar	Ca 50	82	76	75	64	50	80

I denne sesongen har vi kun hatt 2 lag i serie spill, J13 og damelaget, på dei aller yngste har det vært såpass lang kjørevei att vi valgte og ikkje melde dei på i årets sesong, men alle lag får enten cup eller ei alternativ kamphelg på slutten av sesongen. Vi er heldige og har ein stabil gjeng trenarar. For sesongen 2024/25 var dette: Arnt Aurmo, Trine Sanden, Kjersti Røhr, Kjersti Welve, Lena Kolden, Gerd Synstnes og Thormod Sjøvold. Lisbeth Risheim har hatt ansvaret for J/G8, men har hatt en kneoperasjon og da har foreldre på det laget tatt ansvar for å drive treningane for å opprett holde tilbudet til dei yngste.

Tusen takk til alle som har bidrige i året som har vore!

Budsjett 2025 håndballgruppa i Skjåk IL

	2023 Rekneskap	2024 Rekneskap	2025 Budsjet	Kommentar
Driftsinntekter				
3000 Salgsinnt. handelsvarer, avgiftspliktig, høy sats	0	21 290	30 000	Her tenker vi spond eller toppemarked
3023 Sponsorinntekt, avgiftspliktig	0	11 000	11 000	Annonser kalender
3120 Salgsinntekt tjenester, innenlands, avgiftsfri	10 500	6 500	6500	Søppelplockning
3123 Sponsorinntekt, avgiftsfri	23 793	0	0	
3205 Kiosksalg etc	34 035	46 261	30 000	
3250 Inntekter fra eigne arrangementer	28 646	175	0	
3410 Overføring fra hovedlaget INT (mot 7440)	69 000	0	0	
3901 Gaver	15 000	0	0	
3930 Treningsavgifter	34 700	18 300	23 000	
3940 Egenandelar	41 100	29 900	37 772	
3948 Lotterier, bingo etc	65 210	87 598	75 000	Kalender
SUM INNTEKTER	321 984	221 024	0	
Driftskostnader				
4300 Innkjøp varer for videreførsal	27 348	15 827	20 000	Kioskvarer
6300 Leie lokaler	0	4 416	0	Ugård
6440 Leie transportmidler	91 689	35 151	45 000	Bussleige
6550 Driftsmaterialer	1 676	6 939	7000	Div.
6560 Rekvista	0	8 305	9000	Div.
6570 Arbeidsklaer og verneutstyr	5 809	2 198	3000	Jakker m.m.
6580 Idrettsutstyr	0	5 075	5500	
6740 Dommerekostnader	13 801	8 297	10 000	
6860 Møter, kurs, oppdatering etc.	9 551	8 800	10 000	
7325 Kostnader lotteri, basarer mm	14 538	17 056	20 000	Trykking kalender
7400 Kontingent, fradragberettiget	9 540	7 000	10 000	Kontingent kretsen
7405 Startkontingenenter	131 839	40 885	45 000	Påmelding serien
7490 Kostnader turneringer	0	46 707	50 000	Styrnscup
7710 Avslutninger, tilstelninger mm	792	0	1000	Geldy Vipps
7770 Bank og kortgebyrer	3 662	2 879	0	
SUM KOSTNAADER	310 245	209 535	0	
RESULTAT	11 739	11 489	0	

Handlingsplan for handballgruppa i Skjåk 2024

	Kva	Kven
April	Evalueringsmøte med trenarar og oppmenn om sesongen som var, med innlevering av alle drakter.	Styret
	Melde på lag til neste sesongen før 1. Mai. For laga J/G 10- K4.	Lagsansvarleg
	Spele inn ynskje til halltider for neste sesong til hovudstyret	Leiar
	Finne trenarar og oppmenn for alle påmeldte og komande lag.	Styret
September	1.sept er frist for å søke nasjonalt fond om dekking av lisens for enkeltspelarar. Må ha sjekka om nokon treng dette før det.	Leiar
	Skrive invitasjon til dei yngste spelarane(1.-4.klasse) etter avtale med trenarar. Kopiere opp og dele ut på barneskulane i Lom og Skjåk.	Sekretær
	Skrive informasjonsbrosjyre til oppstart, kopiere opp og dele ut. (leggje ut på Facebooksida/heimesida)	Sekretær
	Melde på lag J/G 7-J/G9	Lagsansvarleg
	Oppdatere spelarlistene i KA i samarbeid med trenarar/oppmenn. Sjekke at lisensar er ok.	Leiar og DL
	Rydde, vaske og fylle kiosken – sjekke økonomisystemet	Kioskansvarleg Økonomi
	Sjå over draktsetta, utstyr og planlegge klubbkveld	Materiellansvarleg
	Oppdatere instruksen til hallansvarleg/hallvakter/økonomi. Melde inn kampdatoar til Skjåk kommune v Nina i servicetorget. (går også automatisk pr e.post, men sjekk alltid)	Økonomi og sekretær
	Lage vaktlister for arrangement i hallen, sende ut på e-post. Ordne dommarar til kampar.	Sekretær Dommarans.
	Sende inn dispensasjonssøknader og overgangssøknader til kretsen via TA.	Leiar DL
	Oppstartsmøte med styret og trenarar og oppmenn.	
	Søppelsekkutkjøring	Styret
Oktober	Sende ut treningskontigent (har vore gjort på haust eller vår).	Økonomi og DL
	Kick-off – både for dei som ER med og invitere nye inn!	Styret
	Starte arbeid med kalender . Mål om å ha denne klar for utlevering 15. nov.	Styret
	Sende ut lisens til dei som fyller 13 i det nye året	Leiar og DL
Jan/feb	Melde på lag til cup, skrive informasjonsskriv rundt betaling til turnering, bestille buss til turnering. Pass på fristane for dei ulike cupane. Krevje inn påmeldingsavgift.	Styret Økonomi og DL
	Skrive årsmelding og handlingsplan til årsmøtet i hovudstyret. Lage budsjett og reknaskap.	Fordeles. Økonomi
Mars	Årsmøte i hovudlaget	

Kontinuerleg oppgåver:

- Oppdatere nettside og facebook, evt andre kanalar til å informere.
- Vere hallansvarlege.
- Møte i hovudstyret til idrettslaget etter innkalling
- Revidere den sportslege plan når naudsnyt

Handballgruppa i Skjåk IL ynskjer å ha eit tilbod til alle som ynskjer å spele handball. Difor har vi, og vil melde på, jentelag frå J8 til seniornivå i serien. Vi har i dag ikkje eit reint guttelag, men av dei

gutane som ynskje å spella får tilbod om dette. På dei yngste laga er det nå bra rekruttering, men vi slit med å halde på spelarar i overgang barneskule/ungdomsskule. Vi har i dag ikkje lag i regionsserien/ungdomsserien, det vil si over 13 år. Vi ynskjer å ha ein solid dommarstall i Skjåk.

Handballgruppa har som mål at både spelarar, trenarar og dommarar skal få utvikle seg utifrå sin ståstad, sine ambisjonar og føresetnader. Handballgruppa vil difor prøve å arrangere dommarkurs (dommar 1-kurs), trenarkurs og motivasjonsøkter, i tillegg til ordinære treningar. Spelarar som vil satse ekstra, vil få noko støtte til å delta på spelarutvikling.

Handballgruppa ynskjer at flest mogleg skal spele handball lengst mogleg. Høge kostnader ved aktivitetar kan hindre nokon i å delta, og vi ynskjer å halde kostnadene for den einskilde spelar låge. Dermed vert dugnadsarbeid på kamparrangement, sal av julekalendrar, sponsorstøtte og tilskot viktige inntektskjelder. Vi ynskjer eit tettare samarbeid med fotballgruppa for å unngå at spelarar må velje mellom greinene, og gjerne resten av gruppene i idrettslaget òg.

Handballgruppa ynskjer å setje fokus på det sosiale ved å spele handball. Viktige sosiale tiltak er dei årlege turneringane på våren og sosiale tilstellingar som dei einskilde laga arrangerer. På lange reiser til kamp ser vi det som eit sosialt tiltak med minibuss. Dette medfører transportkostnader for handballgruppa.

Handballgruppa ynskjer at draktsett, dommarklede og treningsutstyr skal halde ein god standard. Vi vil difor ta godt vare på utstyret vårt, og kontinuerleg bytte ut utstyr som må skiftast ut.



Barnetrimmen hausten 2024

Dette er eit lågterskelt tilbod for barn i barnehagealder. Vi møtast i Skjåkhallen kvar onsdag frå 17.00 – 17.50. Her får barna lov til å springe og leike seg som dei ynskjer sjølv.

Det blir laga litt ulike hinderløyper frå gong til gong som barna kan leike seg med, eller dei kan gjere som dei sjølv vil. Av erfaring så treng det ikkje å vera så mykje organisert. Målet er at dei skal få springe og leike på eit stort område, og leike med barn som dei kanskje ikkje ser så ofte. Har også litt samarbeid med turngruppa slik at dei kan koma ein gong i blant og låne ut diverse utstyr.

Musikk blir spilt av på ein høgtaler kvar gong, og her får barn lov til å koma med ynskje om songar.

Det å kunne røre seg etter musikk er også noko barn likar godt, så det hender seg at det blir song og dans framfor høgtaleren.

Oppmøtet har vore bra denne hausten / vinteren. Vi er mellom 20 – 30 barn + vaksne kvar gong, og det kjem stadig nye deltakrarar. Dette er ein "snakkis" i barnehagane og barna gler seg til denne dagen. . I ein travel kvardag kan det vera vanskeleg for mange å møte opp, men vi ser at når barna kjem så har føresette / dei vaksne moglegheit til å puste litt i bakken. Likevel er det veldig mange som vel å vera med i aktivitet, noko barna likar godt.

Det har vorte oppretta ei facebookside der informasjon blir gjeven. Målet framover vil vera å ordne temakveld / karneval der barna kan få lov til å kle seg ut.

Barnetrimmen har ikkje eigne pengar enda, men eg har prøvd å lufta ideen om vi skal prøve å selja kakeboksar slik at vi kan kjøpe inn meir utstyr. Barnetrimmen ynskjer seg ein ny høgtaler da det nå blir brukt ein privat.

Stine Leirmo 😊

Årsberetning 2024 og handlingsplan 2025 innebandy

Vi i bandy er ei stabil gruppe på 10-14 personer.

Har ikkje tidligere hatt halltid. Har brukt Nordberg skule tidligere, delt hall med turn/håndball og brukt ballbinge når været tillater det.

Vi er veldig glade for halltiden og eg synes den er no godt innarbeidet.

Vi har eget utstyr som er kjøpt inn privat.

Tanker for framtiden er att det skal fortsette i samme tralt..

Mvh Tor-Arne

Årsberetning 2024 og handlingsplan 2025, Vaksenfotball

Vi har per nå 2 oppsatte treninger per uke, men vi er med og fyller opp litt hos J/G10 på Tysdag når det trengs for at de blir nok. Vi har veldig få avlyste treninger da vi oftest blir over 10 stk. Vi er nokså varierende i antall, i 2024 var vi på det meste 25 stk i utesesong og 18 stk i innesesong. Vi snitter omkring 12 stk.

Alderspenn fra 14 til 68, flest mellom 20 til 25.

Eneste ønske frå vaksenfotballen er kanskje nye/reparerte målnett på ute måla, spesielt 9er/7er måla da det er disse vi bruker

Jim Berg

Årsberetning 2024 og handlingsplan 2025, Kjerringfotball

På hausten 2024 vart det sett i gang Kjerringfotballtrening. Utgangspunktet var ei facebookside for å sjå om det var interesse for slike treningar, og med 54 medlemmar på den sida så satte vi i gang.

Imidlertid kom det berre mellom 2 – 6 stk på kvar trening. Etter jul prøvde vi å slå oss saman med Damehåndballen, men frammodtet var fortsatt like därleg. På bakgrunn av det valgte vi å legge ned Kjerringfotballen i februar 2025.

Elin Stasviken Sperstad

Årsberetning 2024 Badminton

Treninger

I 2024 har vi gjennomført 54 treninger fordelt over tirsdager og lørdager. Det hadde kunne vært 30 flere, for vi vil trenere også om sommeren, men fordi hallen var stengt i 3 måneder ble det ikke noe av.

Deltagere (norske)

Vi hadde gjennomsnitt 4 ungdommer (i 13 alderen) hver tirsdag som visste interesse for idretten og som har blitt mye bedre i spillet. På lørdagene hadde vi gjennomsnitt 18 voksne og 2 ungdommer. Noen av dem tok muligheten for teknikktrainingen og ble bedre i spillet. Andre likte bare å spille. Etter hvert begynte spillere å blande seg og så ble det også mer sosialt kontakt mellom spillerne.

Deltagere (utenlandske)

Vi fikk også med noen Ukrainske kvinner med barn på tirsdags-treninger. Det ble vanskelig å lære dem litt av spillet for de snakket stort sett Ukrainsk, bare en lite bit norsk og ikke noe engels, tysk eller fransk. De hold på et par ganger, men ble borte da de fikk høre av meg at de skulle bli medlem i idrettslaget. Vi fikk også 2 nye Nederlandere i gruppa, det var ingen problem for oss å kommunisere med dem (de snakker flere språk) og de er allerede godt integrert i gruppa.

Målgruppe

På hjemmesiden leser vi at det er "Badminton for alle", men i praksis må vi begrense gruppa fra 10-86 år. Vi har ikke kapasitet til å være barnepass for de minste og etter 86 år er de fleste for stive til å spille badminton. Ellers tar vi alle, om de kan noe eller ikke. De som ønsker det, får opplæring i spillet, ellers spiller man bare. Vi prøver å koble spillerne fra lik nivå sammen, men hvis en begynner kommer allein blir det noen ganger vanskelig å få det til. Derfor anbefaler vi begynnere å komme parvis.

Material

Idrettslaget har kjøpt 3 badminton-netter og nettopp 8 nye racketer og noen baller. Disse låner vi ut til dem som ikke har eget utstyr, men vi oppfordrer folk å kjøpe egen racket etter at de synes de vil fortsette med spillet.

Vi måtte si farvel til 4 av de 10 racketer idrettslaget kjøpte i 2023. Det var ikke fordi spillerne ødela dem, det skylder kvaliteten til materialene. Vi regner med at de andre 6 ikke lever lengre enn 2025, men vi har nok å låne ut med de nye som vi fikk nå.

Så er vi i gang med å skifte hjulene til stendere. Hjulene der er slitt og kan muligens ødelegge det nye gulvet i hallen.

Treningsplass

Alle spillere er enige at lyset i hallen ikke er brukbart for å spille badminton eller andre idrett hvor man må se opp på himmelen. Lampene skulle ha et skjerm foran, slik at man ikke blir forblendet av lyset. Etter at jeg har hørt var det viktigere å få inn penger fra en fund enn å se om lyset er brukbart for alle grener av idrett. Nå kan vi dimme lyset, da blir blindingen ikke så voldsom sterkt, men det betyr også at hallen blir mørkere.

Skilling

Deltagere trenger bare å betale medlemskontingent til idrettslaget. Vi har ikke tenkt å samle inn penger for å leie inn trener eller gå på treningsleir e.l.

Målene 2025

Akkurat nå har vi 18 voksne og 4 ungdommer i gruppa.

Det er fortsatt jeg (Mart Broeren) som leder gruppen sammen med min kone (Riky Hoevenaars). Hvis vi ikke kan være til stedet, stiller (til nå) Anna Krogstad og Astri Sveine gjerne opp.

Vi har tenkt å fortsette treningen på samme vis som i 2024. Så lenge at hallen er tilgjengelig spiller vi. Vi tar ikke hensyn til ferier.

Det har blitt snakk om det i gruppa, men vi har ikke (ennå) konkrete planer for å organisere et åpent mesterskap i badminton.

- Mart -

Årsberetning spinning 2024

Spinninga surrar og går (stort sett) kvar måndag. Pause frå ca. midten av juni og ut august. Det er litt variabelt med kor mange som møter pr gong, men det ligg jevnt mellom 5-10 stk.

Har eit par av dei eldste syklane som har bynt å "hangle" litt, så om det er anledning til å søke om noko midler ein stad for å få oppgradert nokre av syklane, så hadde det vore gull 😊

Eit par ting som går på lokalet;

- Hadde sikkert gjort seg med ein real nedvask – ligg sikkert 40 år gammalt støv oppunder ledningar etc på veggar..
- Lov å ynskje seg eit malingsstrøk på veggen bak syklane, samt panelveggen som skiller spinningssyklane og dansesalen?
- Ser det dreg med seg inn ein del grus/snø etc, er berre ei lita matte innafor døra. Kanskje det kunne vore ei litt større matte i tillegg, som kunne vore der folket har av seg sko og jakker? Så blir det litt mindre grus etc på golvet.

Grethe

Årsmelding 2024 og handlingsplan 2025 for padlegruppa

Padlegruppa har ikkje hatt aktivitet det siste året. Vi har kjøpt inn utstyr med midlar vi fekk frå Sparebank1 Lom og Skjåk. Vi starter med trening i basseng når alt er klart for det.

Magnus Bø og Stian Bøhle vil stå for treninger.

Mvh Stian Bøhle

Årsmelding Dametrimmen 2024

Dametrimmen har hatt ukentlige treninger gjennom hele året, men med noen ukers pause på sommeren.

Treningene har hatt tilhold i Speilsalen på Snikkeriet, under ombyggingen av Skjåkhallen. Nå er vi tilbake i nyrenoverte, lyse og mer romslige lokaler i hallens 2. etg.

Treningene er pr. nå på onsdager kl. 19:00-20:30.

Antall deltagere varierer mellom 4 – 10.

Treningene er ment som et lavterskelttilbud, der øvelsene kan tilpasses den enkelte. Vi har fokus på kjernemuskulatur, balanse og styrke.

Dametrimmen har slitt med rekruttering etter covid epidemien, men håper flere vil bli med på treningene våre.

Vi har et ønske om å få oppgradert noen få vekt manualer som er helt utslitt, og supplere med noen få vektskiver.

- Liv Hege –

Årsmelding 2024 Kampsportgruppa

Styret: Edvard K. Mølmen og Stian Bøhle (leiar)

Trenarar: Edvard K. Mølmen, Bernt Dahl og Stian Bøhle

Januar – juni

- Kampsporttrening for ungdom og vaksne inntil tre dagar i veka. 9 medlemmar.
- Karatetrening for born ein dag i veka. 7 medlemmar.
- Karatesamling i samarbeid med Otta Shotokan karateklubb og sensei Poh Lim.
- Gradering for karate to gonger, med sommaravslutning i juni.

Oktober – desember

- Kampsporttrening for ungdom og vaksne inntil tre dagar i veka. 9 medlemmar.
- Karatetrening for born ein dag i veka. 10 medlemmar.
- Karatesamling i samarbeid med Otta Shotokan karateklubb og sensei Poh Lim.

Kampsportgruppa har hatt sin aktivitet i lokala på gamle Skjåkmøbler dette året. Rett før nyttår var det flyttedugnad til nyrenoverte lokalar i andre etasje på Skjåkhall.

Tidlegare kontingenent på kr 400 vart frå hausten 2024 sett til kr 0. Vi har lite utgifter og god oppslutning rundt dugnadar. Utan kontingenent ut over medlemskap i Skjåk idrettslag vil tilboda bli meir tilgjengelege for dei som ynskjer å delta.

Økonomi

- Kampsportgruppa ynskjer å prøve eit år til utan kontingenent ut over medlemskap i idrettslaget.
- Det er søkt om eksterne midler til brytematter.
- Det føreligg ikkje ellers større investeringar i 2025.

Handlingsplan 2025

- Gruppemøte i mars.
- Kampsporttrening for ungdom og vaksne, inntil tre dagar i veka.
- Karatetrening for born 4. – 10. klasse
- Karatesamling i samarbeid med Otta Shotokan karateklubb og sensei Poh Lim vår og haust.
- Karategradering i februar og juni.
- Ynske om meir samarbeid mellom kampsport og karate.
